



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

| | |
|--|--------------------------------|
| Møtedato: 08.01.2019 | |
| Frå sak nr. 01/20 Til sak nr. 07/20 | Møtestad: Jondal kyrkje |
| Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte. | |
| Leiar: Cecilie Styrmoie Stærnæs | Nestleiar: Anne Røymstad |
| Sekretær: Karin Utheim Gangdal | Kasserar |
| Medlem: Tørres Mæland | Medlem: Ingebjørg Grøtt |
| Medlem: | Medlem |
| Geistleg representant Sokneprest Stein Ove Skadal | Vara: Marit Hesvik |
| Forfall til møtet: Åse Marit Jørgensen | |

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor fyljer sakene som har vore til handsaming i møtet.

Meldingar:

(Opplisting av meldingar som vert lagt fram i møtet)

Saker:

Godkjenning av innkalling og protokoll frå møtet den 20.11.19

01/20 Val av kasserar

02/20 Liste over kyrkjevertar og gudstenester

03/20 Liste over offergåver

04/20 Informasjon om nettsider

05/20 Orientering frå fellesrådet

06/20 Økonomi

07/20 Eventuelt

Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

Kommentar: Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte skal ha fyrste saksnummer på kvart møte.

Ingebjørg Grøtt og Karin Utheim Gangdal fekk i oppgåve å lage ein oversikt over gudstenester med forslag til takkeoffer.

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet den 20.11.19 vert samrøystes godkjent med kommentar.

Vedtak: Godkjenning av innkalling og referat frå møte 20.11.19 vart godkjent med kommentar

| |
|--------------------------|
| Sak 1/20 Val av kasserar |
|--------------------------|

Kort utgreiing om saka.

Soknerådet vil få ansvar for å disponere midlar, ein vil då ha behov for ein kasserar. Ingebjørg Grøtt er spurt om å vere kasserar. Ho seier ja til det.

Framlegg til vedtak:

Ingebjørg Grøtt blir kasserar i soknerådet for 4 år

Vedtak:

Ingebjørg Grøtt vart valt som kasserar i soknerådet for 4 år.

| |
|--|
| Sak 2/20 Liste over kyrkjevertar og gudstenester |
|--|

Kort utgreiing om saka.

Det skal for 1. halvår 2020 lagast ein oversikt over kven som er kyrkjevert på gudstenestene. Ein kyrkjevert på kvar gudsteneste, evt. 2 ved behov. Anne Røymsstad tilbyr seg å lage eit forslag til kyrkjevertar fordelt på dei ulike gudstenestene. Forslag om å også spørje varamedlemane om dei kan tenkje seg å vere kyrkjevert. Innbyrdes bytte viss det ikkje høver å vere kyrkjevert.

Framlegg til vedtak:

Anne Røymsstad lagar forslag til ein oversikt over kyrkjevertar til neste møte. Varamedlemane blir og spurt.

Vedtak:

Anne Røymsstad lagar forslag til ein oversikt over kyrkjevertar til neste møte. Ho kontaktar varamedlemane om dei kan tenkje seg å vere kyrkjevert.

| |
|--------------------------------|
| Sak 3/20 Liste over offergåver |
|--------------------------------|

Kort utgreiing om saka.

Det er til dette møte laga eit forslag til takkoffer på gudstenestene 1. halvår 2020. Innspel til forslaget. Det har for teologisk konservativ retning. Soknerådet ynskjer å setje seg meir inni kva dei ulike takkeofferalternativa er, og evt kome med andre forslag.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek takkoffer tom 22.03.20. Ny sak på neste møte der ein kan kome med andre forslag til takkoffer for resten av 1. halvår.

Vedtak:

Framlegg til vedtak samrøystes vedtatt. Ny sak på neste møte

| |
|-----------------------------------|
| Sak 4/20 Informasjon om nettsider |
|-----------------------------------|

Kort utgreiing om saka.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd arbeider med å lage ei felles nettside for alle kyrkjene i Ullensvang kommune. Den er ikkje klar til bruk endå. Jondal kyrkje har si eiga nettside. Kantor har eit stort ynskje om å framleis kunne bruke denne nettsida. Det er eit godt arbeidsreiskap. Det er viktig at tilsette har ein arbeidsplattform som fungerer. Leiar i soknerådet Cecilie Stærnes og Tørres Mæland gjorde eit hastevedtak i desember om å vidareføre denne nettsida i 2020. Viktig å få beholde arbeidsverktøyet til kantor i ein overgangsfase. Utgiftene til nettsida kr. 9000,- vart ført på rekneskapet for 2019. Det vil ikkje ha noko betydning for budsjettet for 2020.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet er einig i vurderingane og hastevedtaket som vart gjort før nyttår av leiar Cecilie Stærnes og Tørres Mæland.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt

Sak 5/20 Orientering frå Fellesrådet

Kort utgreiing om saka.

Ullensvang kyrkjelege Fellesråd har hatt sitt fyrste møte. Tørres Mæland orienterte frå møte. Fellesrådet har konstituert seg. Fellesrådet er samansett av ein frå kvart sokn samt kyrkjeverje.

Leiar: Lars O. Seim frå Røldal.

Nestleiar: Tørres Mæland

I arbeidsutvalet sit Lars O. Seim, Tørres Mæland samt Kari Eitheim.

Arbeidsutvalet skal ha møte i forkant av kvart fellelrådsmøte. Nytt møte i fellelrådet er 16.januar. Det er vedtatt ein møteplan. Ullensvang kyrkjelege fellelråd veit endå ikkje kva økonomiske midlar Ullensvang kommune vil setje av til det nye fellelrådet. Budsjettarbeid sak på neste møte i Fellelrådet.

Ullensvang kyrkjelege fellelråd vil ha møta sine rundt i alle sokna.

Kyrkjeverje: Liv Eiril Evensen

Ass. kyrkjeverje: Gerd R.Bu. Ho er tilsette i Jondal sin nærmaste leiar.

Sekretær Angunn Trå sit på kyrkjelydskontoret i Odda. Ho skal ha kontordagar i Jondal.

Framlegg til vedtak:

Orientering frå møte i Ullensvang fellelråd skal vere orienteringssak på møte i soknerådet. Soknerådet kan kome med innspel til neste møte i fellelrådet.

Referat frå møte i fellelrådet sendes til soknerådsmedlemene

Vedtak:

Framlegg til vedtak samrøystes vedtatt,

Sak 6/20 Økonomi

Kort utgreiing om saka.

Fram til kommunesamanslåing var soknerådet i Jondal også fellelråd. Det har ikkje vore tydeleg skilje mellom kva som var soknerådet og kva som var fellelrådet sine midlar. Det blir sagt at førre sokneråd gjorde vedtak om at pengar som fellelrådet i Jondal hadde skulle gå inn i fellelpotten til Ullensvang kyrkjelege fellelråd. Slik det ser ut så finst det ikkje eit slikt vedtak. Kor mykje av midlane som førre sokneråd disponerte skal tilfalle dagens sokneråd og kva skal inn i fellelpotten til Ullensvang kyrkjelege fellelråd? Ingebjørg Grøtt og Cecilie Stærnes får i oppdrag av soknerådet å finne ut av problemstillinga.

Framlegg til vedtak:

Leiar Cecilie Stærnes og kasserar Ingebjørg Grøtt skal på vegne av soknerådet gjere forsøk på å finne ut kor mykje dagens sokneråd disponerer.

Ingebjørg og Cecilie skal ha tilgang til konto til Jondal sokneråd.

Opplysningar i Brønnøysundet må oppdaterast.

Vedtak:

Ingebjørg Grøtt og Cecilie Stærnes skal på vegne av soknerådet finne ut kor mykje pengar dagens sokneråd disponerer.

Cecilie Stærnes og Ingebjørg Grøtt skal ha tilgang til Jondal sokneråd sin konto i Sparebanken Vest.

Opplysningane i Brønnøysundregisteret blir oppdatert.

| |
|---------------------------------|
| Sak 7/20 Eventuelt- kyrkjekaffi |
|---------------------------------|

Kort utgreiing om saka.

Kyrkjekaffi. Førre sokneråd hadde ein enkel kyrkjekaffi på alle gudstenestene. Vanlegvis kaffi/te med kjeks, av og til noko heimebakt. Forslag om å ha kyrkjekaffi berre på nokon av gudstenestene, då med litt meir enn berre kjeks og kaffi/te. Sak til neste soknerådsmøte.

På gudsteneste 12.januar enkel kyrkjekaffi. Cecile ansvar.

Kyrkjekaffi 22. mars, Tørres og Karin lagar mat og har ansvar for kyrkjekaffi på gudstenesta.

Konsert med Bjarte Leitaug 25.januar kl. 16.00. Ingebjørg og Cecilie lagar bollar

Framlegg til vedtak:

Sak om kyrkjekaffi på neste soknerådsmøte.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt